



FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

Dato: 19.05.2015
Vår ref.: 2015/1111 - 11204/2015
Ark.kode:

Møtereferat

Møte i: Barnehageutvalet	Dato: 19.05.2015	Tid: Kl. 17.00 – 18.40
Medlemmer som møtte: Vidar Arnesen (U), Johnn Hardang (KrF), Cecilie Rathem (H), Jan A. Karlsen (AP).	Forfall: Elna Nybakk (SL)	
Andre: Servicetorgsjef Lillian Torsvik, rådgjevar barnehagemynda Anne-Grethe Aase Eide, barnehagesjef Margun Landro, økonomisjef Svend-Fredrik Untiedt, saksbehandlar Unni Rygg. <i>Representantar for eigarar i ikkje-kommunale barnehagar</i> – Ann-May Eltvik frå Soltunet barnehage, Toril Haugsdal frå Knarrevik barnehage, Lise Lauvik frå Langøy friluftsbarnhage, Bjørg Ålen Krogsæter frå Løveparken barnehage, Kjersti S. Krüger frå Læringsverkstedet Veksthuset Straume, Arne Melander frå Aronien barnehage, Lene Foldnes Fjell og Bodil Foldnes frå Tiriltunet barnehage, Torill Hesjedal frå Knerten familiebarnehage, Line Valvik frå Havhesten FUS barnehage og Anita Østensen frå Straumsfjellet familiebarnehage.		
Referent: Unni Rygg		

Saksnr.	Sakstittel
1/15	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkalling og saksliste vart godkjente utan merknader.
2/15	Godkjenning av referat frå førre møte i barnehageutvalet 18.11.14 Referat frå førre møte (18.11.14) vart godkjent utan merknader.
3/15	Avrekning tilskot til ikkje-kommunale barnehagar 2014 Delegert vedtak servicetorgsjefen til den einskilde ikkje-kommunale barnehage, sendt 30. april 2015 dvs. innan fristen. Vedlegg – i tråd med rettleiaren som vert brukt: - Notat til ikkje-kommunale barnehagar, kopi til kommunestyret i Fjell - Særattestasjon frå revisor Elektronisk vedlegg på e-post: - Reknearkmodellen Tilskotsatsar for 2014 – avrekning: <ul style="list-style-type: none">• Barn 0 – 2 år kr. 178 311• Barn 3 – 6 år kr. 86 008• Kapitaltilskot kr. 9 100
4/15	Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar 2015

Tilskot 2015:

Endring frå 01.01.15:

- Tilskot for 2015 skal reknast ut frå 2 år gamle rekneskap for den kommunale barnehagedrifta (2013) + deflator 2014 + deflator 2015.
- Dvs. slutt på budsjettert tilskot og avrekning frå og med i år.

Endring lokale retningsliner frå 01.01.15, vedteke i kommunestyret 26.03.15 – endra telletidspunkt (15.04, 20.08,15.12). Utbetalingstidspunkta ligg fast. Dvs. utbetalinga mai / juni skal vere korrekt i høve til tellinga i april.

Delegert vedtak servicetorgsjefen til den einsskilde ikkje-kommunale barnehage, datert 22.01.15.

- Vedlegg:
 - Notat til ikkje-kommunale barnehagar
- Elektronisk vedlegg:
 - Reknearkmodellen

Tilskotssatsar for 2015

Tilskot private barnehagar per heiltidsbarn – korrekt, etter utrekning:

- Driftstilskot Barn 0-2 år 189 966
- Driftstilskot Barn 3-6 år 91 817
- Kapitaltilskot Alle barn 9 500

Utvikling 2013-15

Kommunal sats - Ordinære barnehagar		Avrekning 2013	Avrekning 2014	2015
Driftstilskot 0-2 år		179 805	178 311	189 966
Driftstilskot 3-6 år		87 290	86 008	91 817
Kapitaltilskot		7 500	9 100	9 500

Statleg sats - Ordinære barnehagar		2013	2014	2015
Statleg sats 0-2 år		181 000	191 300	197 200
Statleg sats 3-6 år		88 000	93 300	95700
Kapitaltilskot		7 500	9 100	9 500

Utvikling barnetal	2012	2013	2014	Auke/red.
Heiltidsplassar pr. 15.12 - Kommunale	662,1	647,1	626,5	- 35,6
Heiltidsplassar pr. 15.12 - Private	839,7	840,4	847,2	+ 7,5

Dei statlege satsane kan berre brukast om kommunen ikkje har kommunale barnehagar –

	<p>til orientering. I fjor – hadde vi 30 barnehageplassar tilgjengelege etter samordna opptak.</p>
5/15	<p>Orienteringar i møtet v/ servicetorgsjef Lillian Torsvik og rådgjevar barnehagemynda Anne-Grethe Aase Eide</p> <p><u>Status samordna opptak 2015-2016:</u> Samordna opptak 2015-16 er ferdig. Alle med rett til barnehageplass er plasserte, stort sett plassering etter ynskje frå dei føresette.</p> <p>Barn som slutta i barnehagen for å starte på skulen = 360 barn Barn frå Fjell kommune på venteliste pr. 03.03.15, med rett til plass = 324 barn Ledige plassar i barnehagen pr. 01.05 = ca. 30 plassar (Ågotnes 9, Vestsida 5, Hjelteryggen 1, Straume 11, og nokre plassar på Bjorøy) Knarrevik barnehage er no fulltidsbarnehage – men med same barnetal (18 stk.). Veksthuset Valen er i gang med oppussing, tatt inn 5-6 mindre barn enn før. Treet familiebarnehage skal gje seg, frå 15.08.15, og barna får plass i Soltunet familiebarnehage og Ågotnes barnehage.</p> <p><u>Refusjon barnehagar 2014 og prognose 2015:</u> Refusjon mellom kommunar - 2014 og prognose 2015 <i>Rekneskap 2014:</i> Inntekt -7.461.876 Utgift 5.737.833 Meirinntekt 2014: -1.724.043</p> <p>Fjell kommune har refusjonsavtale med Sund når det gjeld barn i kommunale barnehagar. Når det gjeld andre kommunar, gjeld refusjonsordninga berre for barn i private barnehagar. Rekneskapstala viser at det i 2014 var fleire barn frå andre kommunar som gjekk i barnehagar i Fjell enn omvendt.</p> <p><u>Endring i forskrift vedkomande redusert foreldrebetaling:</u> Endring i «Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar», trer i kraft 01.05.15. Endringa er ei ny nasjonal ordning for reduksjon av foreldrebetaling til foreldre med låg inntekt. <i>Frå 1. mai 2015 skal ingen husholdningar betale meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Foreldrebetalinga er også begrenset av maksimalprisen, som frå 1. mai 2015 er 2 580 kroner per måned.</i></p> <p>Konsekvens: Fjell kommune sine lokale retningslinjer vedteke i KD 13.03.2012, sak 9/12, «Ny handsaming: Retningslinjer for reduksjon i eller fritak for foreldrebetaling av barnehageutgifter for barnefamiljar med lågast betalingsevne» kan då gå ut.</p> <ul style="list-style-type: none"> • F.o.m. 1.mai 2015 må all saksbehandling av søknader om redusert foreldrebetaling skje etter nye reglar. • NAV saksbehandlar og gjer vedtak – servicetorgsjefen tilviser til utbetaling. <p>Kommunen har laga informasjonsskriv til foreldre, og nye tilpassa søknadsskjema er under arbeid og vert ferdigstilt med det første. Barnehagane vil få skriv og søknadsskjema tilsendt slik at foreldra kan informerast.</p> <p><u>Gratis kjernetid i barnehagar for alle 4 og 5 åringar i familiar med låg inntekt – frå</u></p>

01.08.15:

- Er ikkje vedtatt enno – men skal gjelda frå 01.08.15
- Skal gjelda for alle 4 og 5 åringar i familiar med inntekt under ei grense fastsett av Stortinget Gratis kjernetida er 20 timar pr. veke – er enno ikkje teke stilling til korleis desse timane og tilbodet skal organiserast
- Lyt koma attende med meir informasjon når ulike spørsmål er avklara – Fjell kommune skal sende informasjon til barnehagane
- Forslaget om gratis kjernetid er venta ferdigbehandla av Stortinget i midten av juni

Oppseiing av barnehageplass grunna manglande foreldrebetaling:

- Fått mykje mediemerksmd
- Barn i kommunale barnehagar i Fjell kommune vert ikkje sagt opp, men krav om manglande foreldrebetaling vert følgd opp (til inkasso osv.)
- Ikkje-kommunale barnehageeigarar må ta kontakt med kommunen om de opplever at foreldre ikkje betalar for plassen, for å drøfta aktuell løysing
- Barna sin rett til barnehageplass - barnehagelova.
- Tildeling av barnehageplass for barn under 1 år – ikkje rett til plass etter lova
- Fjell kommune har lagt seg på ei line med å godkjenna opptak av barn frå 10 mnd, under føresetnad av nok barnehageplassar.
- Om private barnehagar tek inn born under 10 mnd, vil dei ikkje få kommunalt tilskot for desse barna.

6/15

Dialog med barnehageeigarar – kommunale og private

Medlem i barnehageutvalet, Johnn Hardang, trakk fram det positive med full barnehagedekning. Utfordringa er forskyving av behov på ulike geografiske områder og barnetsutviklinga, men likevel har utfordringar blitt løyst – med mellom anna mellombelse barnehagar.

Servicetorgsjef Lillian Torsvik viste også til at kommunen no er i gang med å utvide Ågotnes kommunale barnehage og at Hamramyra barnehage, som er mellombels, vil leggjast ned når utvidinga av Ågotnes barnehage er ferdig.

Barnehagesjef Margun Landro viste til at ved manglande foreldrebetaling bør det i alle barnehagar vere ein «tettare på»-holdning, slik praksis er med dei nye rutineane i dei kommunale barnehagane, der ein mellom anna kan informere tidleg om ordningar som redusert foreldrebetaling og betalingsplan.

Barnehageeigar Arne Melander viste til at avrekninga for 2014 var ei stor overrasking og han vil klage på vedtaket. Modellen er grei, men pensjonskostnader var budsjettert med 10 millionar og så vart det berre brukt 6 millionar i pensjonskostnader. Dette gav 4 millionar mindre som må betalast tilbake frå dei private barnehagane. Økonomisjef Svend-Fredrik Untiedt viser til at premiefondet vert brukt på heile rekneskapet, for å få ned pensjonskostnadane, og at dei kan ettersende dokumentasjon på dette til barnehageeigarane. Melander viser elles til ei høyring som kjem med det første, i høve to ulike modeller for utrekning av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Melander ynskjer at kommunen skal vente med å trekke i utbetalingane til klagesakene er behandla. Untiedt viser til at kommunen vil vurdere det ynskje og kome tilbake til aktuell løysing.

Johnn Hardang viser til at kan vere godt å få signal om andre områder også – ikkje berre

	<p>økonomien – for å få betre innspel om situasjonen i dei private barnehagane; kva som går bra og kva som «trykkjer». Det kom innspel om at programma som Dei utrulege åra / Dinosaurskulen / Førskulefokuset / Trygg i Fjell / Start samtalar / Rettleiarteamet – er ei stor styrke for alle barnehagane og at dei merkar at det er politisk forankra sidan prosjekta varer over år.</p> <p>Margun Landro viste også fram den nye kompetansestrategien for barnehagesektoren i Fjell der alle strategiane for barnehageområdet er nedfelt.</p> <p><i>Diverse spørsmål / diskusjonstema:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Førseplegla ordning med gratis kjernetid, kan de utbrodere det? Landro viste til at det mest truleg er snakk om ytterlegare reduksjon i foreldrebetalinga. Torsvik vil kome tilbake til barnehageeigarane med meir informasjon når dette er nærare avklara. • Er det etterspurnad etter reduserte plassar i dei ikkje-kommunale barnehagane? Eigarane viste til at det ikkje er mange som etterspør deltids plassar lengre, det var mange fleire før. • Er det behov for eit barnehageutval? Eigarane viste til at det er veldig positivt med ein kanal der det er høve for å dele informasjon på området, både positivt og utfordringar. Hardang oppmoda barnehageeigarane til å bruke arenaen aktivt då barnehageutvalet sikrar dialog med politikarar og administrasjonen.
7/15	<p>Ymse Det var ingen spørsmål til ymseposten.</p>